



MØTEREFERAT

Referat frå avklaringsmøte mellom fotballgruppa i IL Trio og Kvinnherad kommune

Referent	Saksarkivnr.	Dato
Kristian Helgesen	2020/3016-9	25.05.2021

Tid og stad: 21. mai kl 13-1345. Rådhuset/Teams

Tilstades: Frå IL Trio: Fred Nilsen (på Teams), leiar i fotballgruppa. Frå KK: Hans Inge Myrvold, Natalie Martins Sæberg, Svein Marken, Anbjørn Høvik og Kristian Helgesen

IL Trio syner til framlagt fremdriftsplan, der gamalt kunstgrasdekke fjernast i juni, og nytt dekke leggjast i juli 2021.

Kvinnherad kommune (KK) har vurdert omsyn til forureiningsforskrifta og plan og bygningsloven. KK har vurdert omsyn til nytt kapittel i forureiningsforskrifta. I og med at rehabiliteringa startar i juni, gjeld ikkje forskrifta sitt kapittel 23A.

Det er likevel eit uttalt ønskje frå både partar å strekke seg etter nokre moment i forskrifta med målsetting om å hindre forureining og flukt av laust ifyll. Dette gjennom barriere/stengsel rundt banen, snødeponi, informasjonstiltak, å hindre forureining til vatn og dokumentasjonsplikta.

IL Trio opplyser at ifyllet i banedekket dei ønskjer å leggje har redusert plastmengde, frå 2% til 1%, og kan difor reknast som plastfritt. Kvinnherad kommune reknar ifyllet til å innehalde plast, slik det er definert i forskrifta sin §23A-3.

Som grunneigar vil Kvinnherad kommune gjennomføre ei miljøundersøking snarast mogleg. Dette for å avklare om grunnen under dagens kunstgrasbane er forureina, og overstig gitte grenseverdier. Arbeidet og kostnadane med denne undersøkinga dekkast av Kvinnherad kommune. Det er førebels ikkje avklart korleis ein løyser eventuelle tiltak som følgje av miljøanalysa sine resultat.

1. IL Trio er ansvarleg utbyggjar på rehabiliteringa av kunstgrasbanen Kvednabekkjen
2. Rehabilitering av kunstgrasbanen er ikkje søknadspliktig etter plan og bygningsloven.
3. Kvinnherad kommune gjennomfører miljøanalyse snarast råd, og tek atterhald om eventuell tiltaksplan som følge av resultat. Kvinnherad kommune vil varsle IL Trio om resultatata så snart dei ligg føre.
4. Kvinnherad kommune godkjenner produktvalget Saltex Biofleks som nytt kunstgrasdekke på Kvednabekkjen
5. IL Trio vil nytte Unisport AS som leverandør, og har informert om at de leverer det brukte kunstgraset til godkjent mottak, med tilhøyrande sertifisering. I følgje fremdriftsplanen de har levert, er det ein underleverandør av Unisport, Te-Be Sport AS som utfører dette, og utsteder sertifikat for gjenbruk og trygg handtering
6. Eventuell barriere/stengsel rundt kunstgrasbanen *kan* vere søknadspliktig. IL Trio kan be om eit uformelt møte med Byggesak og geodata om dette tiltaket.

7. Tiltak for å hindre forureining kan gjerast etappevis; som til dømes etablering av permanent ringmur slik IL Trio har skissert innan 1. februar 2022.

Andre forhold som gjeld rehabiliteringa, og ikkje blei omtalt i møte, sendast som eige brev til IL Trio.

Kopi til:

Kvinnherad kommune v/ ordførar Hans Inge Myrvold

Kvinnherad kommune v/Anbjørn Høivik

Kvinnherad kommune v/Natalie Martins Sæberg

Kvinnherad kommune v/Svein Marken

Rosendalsvegen 10